



NVE - Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Ivar Oppheim

Vår ref.:
1199665 Rev 2

Vår dato:
23. august 2013

**Søknad om å byggje Grønskredvatnet kraftverk i Flora kommune –
Kommentarar frå utbyggjar (SFE produksjon AS) til høyringsfråsegner,
og utbyggjar sine forslag til endringar i søknaden.**

NVE har i samband med SFE Produksjon AS sin søknad om å byggje Litlevatnet kraftverk i Flora kommune motteke høyringsfråsegn frå interesserte lista i Tabell 1.

SFE Produksjon har i denne uttala forsøkt kommentere alle innkomne fråsegner. Det kjem lite nye moment fram i fråsegnene og dei tema som er kommentert er allereie nemnde i søknaden med fagrapportar. Vi foreslår difor ingen endringar på innsend søknad.

Vårt syn er at dei utfordringane som vert påpeika er mogleg å løyse gjennom avbøtande tiltak, og at fordelane med utbygginga er større enn ulempene. SFE Produksjon vil òg understreke at ein i samanlikning med det tidlegare omsøkte Pollen kraftverk her har redusert inngrepa betydeleg, og at miljøomsyn har vore ei føresetnad i arbeidet med søknaden. Mellom anna er vassvegane stort sett bygde i fjell for å hindre synlege rørgater. I flaumperiodane vil det visuelle vere lite endra i dei mektige fossane.

For å redusere den totale miljøbelastninga har vi trekt søknaden om Myrbærdalen kraftverk.

Vi har i dette dokumentet svart på desse momenta:

- Kunnskapsgrunnlaget og standard på miljøundersøkingar
- Aurebestanden i Fessevatnet
- Redusert vassføring i Fessene
- OED sine vedtekne retningslinjer for små vasskraftverk

Ola Lingaas
Produksjonsdirektør

Øyvind Huus
Prosjektsjef

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Kundesenter: 57 88 47 47
E-post: post@sf.no

Heimeside: www.sfe.no
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 5083 05 50507

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 5083 05 50914
Besøksadr. Hamregata 1,
Flora

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 5083 05 50892

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 5083 05 50531

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 1503.14.15109
Besøksadr.: Svelgen

1.1 Flora kommune

Dato: 18.06.2013, kapittel 4.

Vi registrerer at Flora kommune ser ulempene større enn fordelane ved bygging av Grønskredvatnet kraftverk. Dei viser til landskapsverdiar og bruken av området som viktige argument mot ei utbygging.

1.2 Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Dato: 27.06.2013, Sak nr.: 13/2435-6

Fylkeskommunen påpeiker i sitt fråsegn at SFE Produksjon AS er «..den som har gjort dei mest omfattande vurderingane av sumverknade, m.a. for tema biologisk mangfald inkl. terrestrisk og akvatisk miljø, INON, landskap og brukarinteresser.»

Fylkesrådmannen meiner at for dette prosjektet med inngrep i fossellandskap både i nakne fjellsider og mellom dei to store vatna i området, kan det ikkje kompenseras for landskapsinteresser og friluftinteresser med minstevassføring.

1.3 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Dato: 21.06.2013, referanse: 2013/1467 - 561

Fylkesmannen gjer innleiingsvis ei samla vurdering. Han etterspør betre deponiplanlegging, det kjem ofte konfliktfylte deponisøknader i etterkant av at konsesjonen er gitt. Alle vassdrag og område det er omsøkt utbygging i er vurdert ut i frå ei samla belastning. I Norddalsvassdraget vert det kommentert at fleire av dei konsesjonssøkte prosjekta ligg i eit villmarksprega område med lite synlege inngrep. Det vil og gje redusert vassføring i viktige fossellandskap og arealet på inngrepsfrie naturområde.

Grønskredvatnet kraftverk:

- Ut ifrå mangel på undersøkingar av påverknad på aurebestand og fiske i Fessevatnet og Storevatnet vurderer Fylkesmannen kunnskapsgrunnlaget ikkje å være i tråd med naturmangfaldlova § 8.

Kommentar frå utbyggjar:

Ei fråføring av vatn til Fessevatnet kan ikkje seiast å nemneverdig påverke fisket i Storevatnet då fisk ikkje vandrar mellom dei to vatna. Det vart gjennomført prøvefiske i vatnet på slutten av 90-talet, det er vist til konklusjonane derfrå i søknaden. Vi viser til naturmangfaldlova § 8: «*Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*» Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt nok.

1.4 Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Ingen dato.

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane påpeiker i si uttale til alle dei 10 konsesjonssøknadane i Flora kommune at det må gjerast betre miljøundersøkingar før det det vert vurdert gitt løyve.

Kommentar frå utbyggjar:

Ut ifrå gjeldande standardar på miljøundersøkingar knytt til bygging av småkraftverk kan vi ikkje sjå at våre søknadar i Norddalsvassdraget har vesentlege manglar.

1.5 Sogn og Fjordane Turlag

Dato: 27.06.2013

Turlaget er ueinige i at ei kraftutbygging vil vere med å oppretthalde lokal busetjing gjennom inntekter til grunneigarane. Dei understreker at det her er snakk om varige verdiar.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi viser til uttale frå Norddalsfjord Bondelag. Dei skriv at «..(ei utbygging) vil styrke næringsgrunnlaget for grunneigarane». I tillegg vil det gje årlege inntekter til kommunen.

Grønskredvatnet kraftverk

- Turlaget etterspør nye fiskeundersøkingar i Fessevatnet.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi viser til svaret i kapittel 1.3.

- Turlaget påpeiker at kraftutbyggjar har rekna feil i berekningane av redusert vassføring i Fessene.

Kommentar frå utbyggjar:

Middelvassføringa i Fessene før utbygging er 3,4 m³/s (frå NVE sitt avrenningskart for normalperioden 1961-1990).

Restfeltet til Fessene etter utbygging har eit tilsig på 2,35 m³/s (NVE sitt avrenningskart). Minstevassføringane frå Vatn 731 og Grønskredvatnet gjer samla over året ei middelvassføring på 0,11 m³/s. Overløp frå Grønskredvatnet er i gjennomsnitt 7 mill. m³/år, tilsvarende ei middelvassføring på 0,22 m³/s (henta frå nMAG 2004, programmet produksjonsberekningane er utført i). Dette gjev ei gjennomsnittlig vassføring etter utbygging på om lag 2,7 m³/s.

I konsesjonssøknaden var det oppgitt at middelvassføringa etter utbygging skulle være 2,8 m³/s. I berekninga av denne vassføringa er det feilaktig inkludert vatn som går til Fessevatnet på grunn av minste slukeevne i kraftverket. Då det er planlagt effektkøyring vil ikkje dette vatnet renne til Fessevatnet, men gå gjennom kraftverket til Storevatnet. Reduksjonen i middelvassføring i Fessene vert dermed 21 %, og ikkje 18 % som omtalt i konsesjonssøknaden.

Den prosentuelle endringa er eit gjennomsnitt for produksjonssimuleringsperioden (1989-2011). For å vise endringa i enkelte år er vassføringa i Fessene før og etter utbygging presentert for eit vått (1990), eit tørt (2010) og eit middels (2000) år, sjå Figur 1 - Figur 3.

Vassføringa før utbygging er skalert frå målingar ved målestasjon 85.3 Svartebotten. Stasjonen har fleire vatn i nedbørfeltet som vil dempe vassføringa noko. Det må likevel reknast med at nedbørfeltet til Fessene, som inkluderer Fessevatnet og Myrbærdalsvatna, vil dempe avrenninga noko meir enn VM 85.3 Svartebotten. Skalering frå denne stasjonen vil difor gi noko for lita demping og for brå flomtoppar, men stasjonen ligg geografisk nært og representerer dei beste tilgjengelige data for vassføringa i Fessene. Vassføring etter utbygging er summen av tilsiget frå restfeltet (skalert frå 85.3 Svartebotten), minstevassføringa frå Vatn 731 og Grønskredvatnet samt overløp frå Grønskredvatnet (frå nMag 2004).

Figur 1, figur 2 og figur 3 ligg vedlagt (ein må opp i zoom for å sjå linjene i kurva rett).

- Turlaget er svært forundra over at utbyggjar ikkje har nemnt OED sine vedtekne retningslinjer for små vasskraftverk med eit einaste ord.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi vil påpeike at vi i vår konsekvensutgreiing for Grønskredvatnet kraftverk, og for så vidt i dei 3 andre kraftverka i Norddalsvassdraget, har vurdert konsekvensane innan alle relevante tema i retningslinjene gjeve frå OED. Vi viser også til naturmangfaldlova § 8: «*Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimelig forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfoldet.*» Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt nok.

1.6 Flora Turlag

Dato: 02.06.2013

Flora turlag kommenterer generelt at dei går imot bygging av kraftverket på grunn av redusert landskapsoppleving (reduisert vassmengd i Grønskredfossen og Fessene), men har elles ingen spesifikke merknadar.

1.7 SFE Nett AS

Dato: 14.06.2013, referanse: 119018-1-1

I SFE Nett AS si høyringsfråsegn, er dei konsesjonssøkte kraftverka i Norddal vurdert i ei gruppe ut frå naturleg tilknytning til nettet vidare. Frå det aktuelle området ved Norddal, må det byggast ny 22 kV linje fram til Grov. Vidare tilkopling til sentralnettet, kan først skje ved utgangen av 2015, når prosjektet Sogndal-Ørskog er ferdig.

Kommentar frå utbyggjar:

Etter at konsesjonssøknad for Myrbærdalen kraftverker er trekt, er det fortsatt tre kraftverk i den aktuelle gruppa. På grunn av sprengt kapasitet på dagens nett mellom Norddal og Grov, må vi rekne med eit anleggsbidrag på 15,3 Mkr (jfr. vedlegg i konsesjonssøknad) om det blir 1, 2 eller 3 kraftverk i område. Ut frå ei samla økonomisk vurdering, er det derfor viktig å ha størst muleg produksjon å fordele desse kostnadane på.

1.8 Norddalsfjord Bondelag

Ingen dato.

Norddalsfjord Bondelag stiller seg positive til søknadane knytt til deira grunn. Det påpeiker at det forutsett at utbyggjar og grunneigarar kjem fram til avtaler som kan godtakast av begge partar, og dei ynskjer bidrag til finansiering av veglys i bygda i samband med ei eventuell utbygging. Dei kommenterer også at prosjektet slik dei føreligg i dag er betre enn den tidlegare omsøkte Pollenutbygginga.

Kommentar frå utbyggjar:

Vi ynskjer fortsatt positiv prosess med bondelaget og grunneigarar for å få til næringsutvikling i bygda, samt skape grunnlag for kraftverksdrift.

Omfanget av medverknad må stå i forhold til storleiken og verdiskapinga av kraftproduksjon.

I tillegg har vi i ettertid motteke uttale frå Oskar Solstrand m/fl. Brevet er positivt i retning utbygging

1.9 Grunneigarar Solheim

Grunneigarane på Solheim har sterke innvendingar mot reduksjon i vassmengda som renn over Fessene. Likeins reagerer dei på minstevassføring i Grønskredfossen.

Kommentar frå utbyggjar:


Når det gjeld Fessene så viser vi til oppdaterte tal i kapittel 1.5.

1.10 Statens Vegvesen Region Vest


Dato: 02.04.2013, referanse: 2013/035560-002

Gjer merksam på gjeldande krav om søknad dersom byggverk blir plassert innanfor byggegrense langs offentlig veg, eller kryssing av veg med røyr eller kablar.

VEDLEGG:




Figur 1 Vassføring i Fessene før og etter utbygging av Grønskredvatnet kraftverk (vått år)



Figur 2 Vassføring i Fessene før og etter utbygging av Grønskredvatnet kraftverk (tørt år)

Grønskredvatnet kraftverk. Vassføring ved Fessene - middels år - 2000



Figur 3 Vassføring i Fessene før og etter utbygging av Grønskredvatnet kraftverk (middels år)

